

Kartverket
Linn Winnæss-Karlsen
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Dykkar ref.
06/01641-90

Vår ref.
15/379-6/LLH

Dato
11.05.2022

Vinje kommune - namnesak 2020/299 - Rue og Taddeivsdalsnuten - tilråding

I samband med adresseringa har Kartverket, etter ønske frå Språkrådet, reist namnesak på nokre namn i Vinje kommune. Kommunen har gjennomført høyringsrunde, men har ikkje fått inn nokre fråsegner. Kommunen sjølv har ikkje uttalt seg i saka. Vi har kontakta Jon Kostveit frå Vinje historielag for å få uttaleopplysningar om namna.

Nr.	Namn	Namnetype og evt. gnr/bnr	Saksopplysningar og tilråding
1	Rue Rue plass	Bruk (50/2)	<p>Matr. 1905: <i>Ruet</i> Matr.utk. 1950: <i>Plads Ruet</i> Bustadnamnregisteret (1956): Rui /ru:´e/ under gnr 50. Dagens matrikkel: PLASS RUET Jon Kostveit oppgir uttalen /ru:´e/.</p> <p>Tilråding: Namnet er bunden form eintal av inkjekjønnsordet gno. <i>ruð</i>, 'rud', rudd plass, rydning. Ordet er ikkje oppført i rettskrivinga. Namnet er godt representert i den same forma, særleg i Telemark. Desse har helst same uttalen (/ru:´e/), men er ofte skrivne <i>Rui</i>. Denne skrivemåten er noko underleg, fordi sivevokalen synest å representere den gamalnorske vokalen i bøyingsendinga (<i>ruðit</i>), samstundes som den gammalnorske konsonanten i grunnordet (<i>ð</i>) og konsonanten i bøyingsendinga (<i>ð</i>) ikkje er representerte. Endinga kan kanskje også tolkast som ei form for overføring frå endingsvokalismen i</p>

			<p>hokjønnsord, som i Telemark er vanleg i namn som til dømes <i>åni</i>, <i>flotti</i>.</p> <p>Ut ifrå dette er det grunnar til å ikkje tilrå skrivemåten <i>Rui</i>, sidan han berre delvis og noko tilfeldig avspeglar den historiske forma, og fordi han heller ikkje samsvarer med uttalen. Ein kan likevel merke seg gardsnamnet <i>Rui</i> i Vinje kommune, som blir skrivne nettopp slik (godkjent og tilrådd form). Samstundes er også <i>Rue</i> ein nokså utbreidd skrivemåte for same namnet, mellom anna som gardsnamn i Tinn kommune (godkjent og tilrådd form).</p> <p>Alternativet <i>Ruet</i>, slik namnet er skrivne tidlegare, er mindre heldig. Det same gjeld <i>Rudet</i>. Sidan grunnordet ikkje er normert, inneber begge desse variantar av historiske skrivemåtar som det er lite tradisjon for. I tillegg er det grunn til å tru at ordet er lite kjent som appellativ, og det vil derfor kunne oppstå uttalevariantar som er baserte på skrivemåten (<i>/ru:´et/</i>, <i>/ru:´det/</i>). Ein kan nok hevde at forma <i>Rudet</i> er tydelegare når det gjeld opphav til og innhald i namnet, men dette gjeld berre i den grad grunnordet er kjent. At det ikkje er normert, tyder derimot på at det er lite kjent og lite brukt.</p> <p>På dette grunnlaget tilrår vi skrivemåten Rue.</p>
2	Rui Tokerettigheter	Bruk (50/6)	<p>Matr.utk. 1950: <i>Rui Tokerettigheter</i> Dagens matrikkel: RUI TOKERETTIGHETER. Har ikke registrerte teiger. Jon Kostveit kjente ikkje til namnet.</p> <p>I Matrikelutkastet av 1950 er «Rui Tokerettigheter» oppført med Vassdragsvesenet som heimelshavar, og med merknaden «Vassrett (overstrøket)». Ein kan merke seg at det finst ein liknande post i matrikkelen, geografisk nær denne: «Øyvågslid Tokerett», under gnr. 48 Øde Vågslid.</p> <p>Vi kjenner ikkje til ordforma <i>tokerett(ighet)</i> frå andre kjelder enn dei ovannemnde, og ho framstår i samanhengen som ein nokså teknisk term. Det ligg nært å tru at det har samanheng med elvenamnet <i>Tokke</i>, men skrivemåten «Toke-» er då noko underleg. Oppføringa ('namnet') i matrikkelen synest</p>

			<p>heller ikkje å vere kjent eller nytta som stadnamn, sjølv om det er knytt til eit bruksnummer.</p> <p>Me har med dette ikkje grunnlag for å gje tilråding når det gjeld dette namnet, og det er altså tvil om det kan reknast som eit stadnamn.</p>
3	Torleivsdalen Taddeivsdalen	Dal	<p>Bustadnamnregisteret (1956): <i>Talleifsdalen</i> /ta`deivsdal:n/ «1865 hpl. Under Kostveit søre. Bust. enno».</p> <p>Heradsregisteret (1960) har uttalen /ta`ddeivsdalen/. Jon Kostveit oppgir uttalen /tal`leifsdalen/. Han opplyser at det er namn på ein gammal husmannsplass som nå er omdøpt til /sombu/, men namnet /tal`leifsdalen/ blir fortsatt nytta på bustaden.</p> <p>Dei eldre uttalevariantane av namn nummer 3 og 4 høver med at overgangen (/rl/) > /ll/ > /dd/ har gjort seg gjeldande i indre delar av Telemark. Samstundes har ein i mindre grad gjeve att denne konsonantismen i namn, samanlikna med i Setesdal og andre delar av Agder. Det finst unntak, til dømes grendenamnet <i>Haddeland</i>, i Vinje, men skrivne variantar som <i>Taddeiv</i> har det vore mindre av, og <i>Talleiv</i>, som også må reknast som ein dialektal variant av same mannsnamnet (<i>Torleiv</i>), har vore vanlegare. Endå ein skrivemåte er <i>Talleif</i>, men den har vore mindre nytta enn <i>Talleiv</i>. Ifølgje ssb.no er det berre skrivemåten <i>Talleiv</i> som er i bruk i dag, medan <i>Talleif</i>, <i>Taddeif</i> eller <i>Taddeiv</i> ikkje er registrerte.</p> <p>Dialekttrekket (/rl/) > /ll/ > /dd/ er i dag lite brukt, ikkje minst i Vest-Telemark. Det er derfor naturleg om dei eldre uttalevariantane med /ta`ddeivs-/ ikkje lenger er i bruk. Ovannemnde Jon Kostveit kjente ikkje til uttalevarianten /ta`ddeivsdalen/, og det er ikkje umogleg at denne uttalen var gått av bruk allereie i 1956/1960, sjølv om han blei oppført i dei ulike registra.</p> <p>Vidare må ein nok rekne med at dialektvariantar av personnamn har vore «utfordra» av etablerte skrivemåtar av dei same namna. Dette gjeld gjerne også <i>Talleiv</i>, som lokalt har vore ein vanleg måte å skrive namnet på. Til dømes har ein i nabokommunen Tokke vedteke to adressenamn</p>

			<p>med nettopp denne namneforma (<i>Talleiv Huvestads veg</i> og <i>Talleiv Røyslands veg</i>).</p> <p>Skrivemåten <i>Talleifs-</i> ville nok representert ei meir nøyaktig attgjeving av uttalen, sidan det i det samansette stadnamnet helst er ein f-uttale av den siste konsonanten. I praksis har likevel ikkje dette noko å bety fordi konsonanten -v- stort sett blir uttalt på same måten, når han blir etterfølgd av ein binde-s og eit etterledd.</p> <p>Vi tilrår med dette skrivemåten Talleivsdalen.</p>
4	Taddeivsdalsnuten Torleivsdalsnuten	Ås	<p>Heradsregisteret (1960) har uttalen /ta`ddeivsdalnuten/.</p> <p>Jon Kostveit oppgir også /-dalnuten/ utan binde-s.</p> <p>Tilråding: Sjå nr. 3 når det gjeld forleddet.</p> <p>Vidare ville me venta binde-s mellom ledda <i>dal</i> og <i>nuten</i>, som er det vanlegaste i norske samansetjingar. Til dømes viser søk i SSR at det toledda forleddet <i>Langedal</i> i dei aller fleste tilfella har binde-s når det kjem til eit tredje ledd (t.d. <i>Langedalselva</i>). Men det finst også unntak i SSR, t.d. <i>Langedalfjelle</i>, <i>Langedalflata</i>, <i>Langedalheia</i>, føresett at dei avspeglar verkeleg uttale. Heradsregisteret har altså uttale utan binde-s mellom sisteledda, og Jon Kostveit stadfestar denne. Vi har ikkje grunnlag for å overprøve dette på noko vis, for reglane for bruk av binde-s er kompliserte i norsk, ikkje minst når dialektal variasjon er ein del av biletet.</p> <p>Ut ifrå dette tilrår vi skrivemåten Talleivsdalnuten.</p>

Vennleg helsing

Rune Røstad
namnekonsulent

Daniel Gusfre Ims
seksjonssjef

Line Lysaker Heinesen
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Kartverket

Postboks 600
Sentrum

3507

HØNEFOSS

Kopi til:

Rune Røsstad